



Tore Ronn Hansen
Olsvikmarka 75
5183 OLSVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1057 - 14/3727

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.laendre@meland.kommune.no

Dato:
14.03.2014

Godkjenning - tilbygg til fritidsbustad, gnr. 28, bnr. 11 Håtuftvegen.

Administrativt vedtak. Saknr: 53/2014

Eigedom: 28/11
Byggjeplass: Håtuftvegen 21
Tiltakshavar: Ron Tore Hansen
Planstatus: Kommuneplanen – LNF-område
Søknad om: Tilbygg til fritidsbustad

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad stempla motteke 14.10.2014 og supplerande dokumentasjon motteke 26.02.2014 i Meland kommune. Søknaden gjeld oppføring av tilbygg til fritidsbustad på gnr.28, bnr. 11 i Håtuftvegen.

Vurdering:

Planstatus:

Eigedomen ligg i kommuneplanen som LNF-område. Tiltaket krev ikkje dispensasjons-handsaming då eigedomen er bebygd.

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 20.09.2013 Det er ikkje motteke merknader til varselet. Det er ikkje naudsynt med ytterlegare varsling i saka. Nabovarslinga vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart motteke 26.02.2014. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4.

Planløyising og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløyising og er i samsvar med Pbl § 29-1.

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-2 løyve til tilbygg til fritidsbustad på gnr. 28 bnr. 11 i samsvar med søknad stempla motteke 14.10.2013 og supplerande dokumentasjon motteke 26.02.2014.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar motteke 26.02.2014.

Plassering som vist på kart stempla motteke og med følgjande toleransekrav:
I horisontalt plan + - 50 cm. I vertikalt plan + - 20 cm. Minstegrensa på 4 meter til nabogrense er absolutt.

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søkjar – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så langt det ikkje er gjeve unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Meland kommune ber om at det vert meld frå når tiltaket vert starta opp og ferdigstilt.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.»

Vedtaket kan påklagast, jf Forvaltningslova § 28. Sjå vedlegg

Plan, utbygging og kommunalteknikk

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Mottakere:

Tore Ronn Hansen

Olsvikmarka 75 5183

OLSVIK